

Til

Tromsø, 08.03.2019

Den det måtte angå

Filmen «Rekonstruksjon Utøya» er trekt inn i undertegna si undervising om «Barn og unge i relasjonar med vold og krise» våren 2019 for studentar på profesjonsstudiet i psykologi på studiets 4. og nest siste år ved Institutt for Psykologi/ UiT – Norges arktiske universitet. Det aktuelle tema er ei emneblokk som strekkjer seg over to undervisingsveker med plassering i midten av langsgåande klinikk-undervising for same studentgruppe i same studieår.

«Rekonstruksjon Utøya» er serdeles godt egna som lærestoff for denne gruppa. I mi undervising er den pedagogiske vinklinga dialogisk, det vil seie at det i undervisinga er veklagt betydning av ulike perspektiv og mangestemtheit på aktuelle problemområde. Filmen «Rekonstruksjon Utøya» gir eit serdeles godt inntak til slik vinkling i undervisingssamanheng ved at den viser korleis perspektivtaking kan skje: Dette gjeld både den vinklinga filmen gir for den utsette mellom å sjå hendingar i fortid og i nytid, og skifte i perspektiv mellom ulike utsette, samt skifte i perspektiv mellom utsette og andre/utaforståande som hendingar i ettertid vert fortalt til, i tillegg til skifte i perspektiv mellom rein fortelling og konkret iscenesetting av opplevde hendingar. Gjennom slike systematiske skifte mellom notid og fortid, mellom innafrå og utafrå perspektiv og mellom ord og handling gir denne filmen eit ypparleg utgangspunkt for dialogisk forståing og korleis arbeid med traume kan skje i etterkant på helande og dialogisk prega måtar.

Eg anbefalar denne filmen brukt i undervisingssamanheng. Den gir godt utgangspunkt for ein variasjon av pedagogiske inntak og er egna som lære- og refleksjonsstoff i mange samanhengar.

Helsing  
  
Anna Margrethe Flåm  
Psykologspesialist/PhD  
Institutt for psykologi  
UiT – Norges arktiske universitet

